



**UIL ønskjer å sparka liv i Idrettslagsfesten. Denne festen var for ein del år tilbake ein fast tradisjon, og vi meiner det no kan vera på tide å få den i gong att.**

Tidlegare år vart denne haldt på hausten, men det er ingenting i vegen for å arrangera den om våren. I idrettslaget er det stor aktivitet heile året, og to av gruppene som tar ferie på vårparten er turn- og skigruppa. Det kunne difor vore ei flott avslutning på sesongen for desse gruppene, medan det hadde vore ein god start på sesongen for andre grupper som t.d. fotballgruppa.

Idrettslagsfesten vart som oftast arrangert i samarbeid med Fjordhotellet, men vi har og hatt den her i bygda. No kan det kanskje vera smart å arrangera den i samarbeid med Systrene Nilsen?

Opplegget gjekk ut på at alle medlemmer frå 18 år og oppover vart invitert, og kunne melda seg på. Kvar medlem betalte inngangspengar som gjekk til å dekkja mat (middag laga av kokkar ved den aktuelle utestaden) og inngang. UIL hadde under arrangementet utdeling av blomar, gåvekort e.l. til trenarar, lagleiarar og andre tillitsvalde i styret og dei ulike gruppene. Desse utgiftene vart dekkja av UIL, og det var dei ulike gruppene som stod for dette.

Det viktigaste er at vi igjen klarar å samla medlemmene i UIL til ei samkome der det sosiale er i fokus, samtidig som vi får æra dei som gjer ein stor innsats i laget gjennom heile året.

Utfordringa no er at vi treng folk som vil ta på seg å organisera denne festen: gjera avtale med utestad (der ein gjer avtale om pris o.a.), trykkja opp plakatar med invitasjonar og laga program for kvelden.

UIL håpar det sit potensielle "partyfiksarar" ein eller annan stad i bygda vår, som berre ventar på ein sjanse til å visa kor flinke dei er til å laga til fest for medlemmene i UIL.

Interesserte kan melda seg til styret i UIL, v/Alf Eidsvik (404 44 769).

Av Odd Steinar Arnesen



Odd Steinar Arnesen vil ha nytt liv i idrettslagsfesten. Foto: Ola Matti Mathisen